



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 Trondheim

30.04.2014

Søknad om ståande løyve til uttak av ulv i region 3 / Oppland

Oppland er eigen forvaltningsregion, rovviltregion 3. Forvaltningsregionen har ikkje noko mål om ynglande ulv. Av rovviltforliket 2011 går det fram at soneinndelinga må forvaltast tydeleg, noko som blant anna inneber at beitenæringa skal tilpassast rovvilt i dei områda der rovvilt har prioritet, mens det i prioriterte beiteområde skal gjerast raske uttak av rovvilt som gjer skade på beitedyr. Ein vil òg påpeike at Rovviltmeldinga legg føringar for at det ikkje skal vere rovvilt som representerer eit skadepotensiale i prioriterte beiteområde.

Det er eit mål i forvaltninga at ulv hovudsakleg skal regulerast gjennom lisensfelling. Av ei kvote på 3 dyr har det ikkje vore felt ulv på lisensfelling i region 3/Oppland i 2013/2014. Ein meiner det på denne bakgrunn er avgjerande at det blir gjort effektive uttak av ulv i forkant av beitesesongen, dette som eit viktig skadeførebyggande tiltak. Dei seinare års erfaringar med ulv i Oppland, syner at streifande ulv blir i området til beitesesongen startar opp.

Når det gjeld rovvilt skal forvaltningsmålet forståast slik at det ikkje er til hinder for ei geografisk differensiert arealforvaltning, jf. nml § 5. Geografisk differensiering når det gjeld forvaltning av ulv er også nedfelt i rovviltforskriftas § 3. Omsynet til beitedyr må derfor tilleggast sterk vekt i region 3/Oppland.

Det blir med dette søkt om ståande løyve til uttak av ulv i region 3/Oppland i perioden frå dags dato til 31.05.2014. Sidan region 3/Oppland ikkje skal ha ynglande ulv, ser ein ikkje at eit ståande løyve til uttak vil true bestanden av ulv.

Søknaden blir grunngjeven med:

- Det skal ikkje vere ynglande ulv i region 3/Oppland.

- Det er tidlegare år registrert mykje skade på beitedyr forårsaka av ulv i region 3/Oppland, og det er eit stort skadepotensiale i 2014.

Ein føreset at uttak skal skje i regi av SNO og kommunale skadefellingslag.

Ein om MD behandlar søknaden snarast råd, og at det blir gjeve skriftleg svar.

Med helsing

Valdres Natur og Kulturpark
Kjell Berge Melbybråten (s)
(leiar)

Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal
Bengt Fasteraune (s)
(leiar)

Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal
Erik Odlo (s)
(leiar)

Regionrådet for Lillehammerregionen
Mari Botterud (s)
(leiar)

Kopi:

Fylkesmannen i Oppland, E-post fmoppost@fylkesmannen.no

Roviltnemnda i region3/Oppland v/ Ivar Odnnes, E-post ivar.odnes@oppland.org